

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam formannskap	19.03.2013	014/13	JONE
Kvam heradsstyre	09.04.2013	024/13	KAWV

Avgjerd av: Saksh.: Jon Nedkvitne	Arkiv: N-000 Objekt:	Arkivsaknr 12/180 - 111
--------------------------------------	-------------------------	----------------------------

Hardangerfjordforskrifta-høyryatingsuttale i frå Kvam herad

Samandrag:

Kvam herad ligg innafor det geografiske område for regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Rådmannen har difor i denne saka valgt å samarbeide med, samarbeidsrådet for Sunnhordland, for å peika på felles utfordringar og felles forvaltning innafor planområdet i den overordna kystsoneplanen.

Hardangerfjorden er eit av dei mest oppdrettsintensive områda i Noreg. Det vert produsert laks til ein eksportverdi på ca 2 milliardar kroner, og det er sysselsett i overkant av 650 personar direkte i havbruksnæringa i Hordaland. Utfordringane er mange og mange omsyn skal vegast opp i mot kvarandre, viltlevande laksefisk, villaksnæringa og fritidsfisket, men også omsynet til verdiskaping, sysselsetjing og produksjon i havbruksnæringa.

Heradsstyret har tidlegare vore opptatt av att rammevilkåra for oppdrettsnæringa ikkje må verta svekka i Hardangerfjorden i høve til andre som driv innafor den same næringa.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam herad ser det som positivt at det vert sett i verk tiltak som kan vera med å betra tilhøve for ei berekraftig utvikling av Hardangerfjorden.

For Kvam og Sunnhordland vil innføring av Hardangerfjordforskrifta få alvorlege konsekvensar for både oppdrettsbransjen og for kommunane. Det vil bety tap av mellom 330 – 460 årsverk i næringa i regionen og 915-1260 årsverk på Vestlandet. (Asplan Viak) I tillegg til desse vil det også gje negative ringverknader hjå underleverandørar.

Dette vil vidare gje konsekvensar for skatteinntekter og sysselsetting. Det vil bety nedbygging av aktivitet hjå viktige aktørar innan foredling. Dette vil igjen føra til sterk reduksjon av bearbeiding og foredling, tap av kompetanse og omdømme (merkevarefisk) og avskrivning av store gjennomførte investeringar, og bortfall av planlagde investeringar.

Kvam herad i lag med Samarbeidsrådet er difor bekymra for dei samfunnsmessige konsekvensane dette vil gje. Dette er og dokumentert gjennom rapporten "Konsekvensanalyse av mulig innføring av Hardangerfjordforskriften", mars 2012, Asplan Viak.

Dei siste åra er det innført 4 nye forskrifter som i all hovudsak omhandlar Hardangerfjordregionen – det vil seia Hardanger og Sunnhordland.

- Frysforskrifta nemnd tidlegare
- PD forskrifa som regulerer forhold kring fiskesjukdommen Pancreas Disease
- Forskrift som regulerer grenser for tal lus og forhold kring avlusing – ny forskrift frå desember 2012
- Forskrift som regulerer forhold kring sonevis brakklegging av lokalitetar.

Forskriftene har hovudfokus på tiltak for å redusera lakslus og sjukdom og å ivareta villaksen..

I tillegg føregår det eit arbeid i eit samarbeid mellom Fiskeridirektoratet ,Fylkesmannen, næringsaktørar, elveigarlag, Mattilsynet og representantar frå kommunane gjennom "Strakstiltak for Hardangerfjorden". I dette arbeide ser ein på rømming, lus, sjukdom, tiltak for villfisk mm. Fleire tiltak er sett i verk.

Kvam herad og Samarbeidsrådet trur den beste løysinga ligg i eit tett og forpliktande samarbeid mellom oppdrettsnæringa og elveeigarane.

Vassregion Hordaland

Hordaland fylkeskommune er vassregionmynde i vassregion Hordaland. Dette inneber at fylkeskommunen skal koordinere arbeidet med å gjennomføre oppgåvene som følgjer av *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* - vassforskrifta jf. § 21.

Vanndirektivet har også fokus på lus og rømning.

Regional kystsoneplan

Hordaland fylkeskommune og kommunane i Sunnhordland og ytre Hardanger er i oppstart av arbeidet med ein regional kystsoneplan. Planprogrammet har vore ute på høyring.

Plantema

Berekraftig kystsoneplanlegging

Vert lagt opp til å laga retningslinjer for arealbruk i sjø med fokus på berekraft til bruk og støtte for kommunal planlegging i sjø.

Strandsona

Sentralt tema i Sunnhordland, og koordinert mot arbeidet med Interkommunal Strandsoneplan.

Akvakultur

Utarbeidning av ein struktur for lokalisering av akvakulturområde i planområdet som sikrar næringa gode og eigna produksjonsområde samstundes som det vert teke høgde for noverande sjukdomsstruktur. I dette ligg også omsynet til villaksen.

Sjøtransport og maritim næring

Tilrettelegging for infrastruktur for næringa er naudsynt for vidare utvikling. Planprogrammet legg opp til plankart med retningslinjer for arealbruk, og regionalt viktige næringsareal til sjø skal lokaliserast og synleggjera.

Kvam herad og Samarbeidsrådet meiner at dette planarbeidet vil fanga opp dei problemstillingane og utfordringane som regjeringa er opptekne av i dei nye tiltaka som er sendt på høyring

Kvam herad og Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner også at det er uheldig å setta i verk nye tiltak som Hardangerfjordforskrifta legg opp til, før ein har sett verknaden av dei tiltaka som alt er sett i gang

Vestlandsøftet

I august 2011 lanserte statsminister Stoltenberg *Vestlandsøftet*, eit løft som skal gje Vestlandet og Noreg 40.000 nye arbeidsplassar innan 2016. Vestlandet skal blant anna vera den leiande sjømatregionen nasjonalt og internasjonalt.

For næringsaktørar og andre som fell innafor det grafisk området som Hardangerfjordforskrifta skal dekka, vert dette eit stort paradoks.

Kvam herad og Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at framlegg til Hardangerforskrifta ikkje kan vedtakast før det er gjennomført omfattande konsekvensutgreiing. Det er sterkt å beklage dersom departementet ikkje sjølv gjennomfører konsekvensutgreiing av ei så omfattande forskrift som med all sannsyn vil føre til store økonomiske samfunnsmessige konsekvensar, og som høgst truleg vil setja leiande oppdrettsaktørar tilbake i tid når det gjeld forsking og utvikling og medansvar for berekraftig utvikling innan oppdrettsnæringa. Det bør forventast at departementet i det minste oppfyller lovmessige krav til konsekvensutgreiing med tanke på kva krav som vert stilt til kommunane når det gjeld krav om KU i plansamanheng.

Konklusjon

Alle partar er samde om intensjonen i Hardangerfjordforskrifta. Å styrke ei berekraftig utvikling av dei områda som forskrifta omhandlar er det lite tvist om. Men slik framlegg til forskrift er utforma, vil det ramma mange lokalsamfunn og kommunar i Sunnhordland svært hardt. Samtidig vil våre lokalt og regionalt eigde verksemder bli så hard ramma at me er redd for at dei går under.

Kvam hedrad og Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber om at framlegg til Hardangerfjordforskrift vert lagt vekk. Dette fordi ein enno ikkje fullt ut kan måla effekten av alle dei ulike forskriftene og tiltaka som er sett i verk. Det bør ikkje gjerast politiske vedtak som legg ned lønsame arbeidsplassar og som samstundes stengjer den verdiskapinga oppdrettsnæringa er for regionen og samfunnet elles.

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Dok.dato **Tittel**

- | | |
|------------|---|
| 11.02.2013 | Høring av forslag til forskrift om særskilt regulering av akvakultur i Hardangerfjorden |
| 06.03.2013 | 437808.pdf |
| 06.03.2013 | 437806.pdf |
| 06.03.2013 | 437828.pdf |
| 07.03.2013 | hardangerfjordforskrift 3.docx |
| 07.03.2013 | framlegg til uttale |

Saksopplysning:

Fiskeridepartementet har sendt ut nytt utkast til forskrift for forvaltningsregime i Hardangerfjorden på høyring.

Høyrbrevet omhandlar framlegg til regulering av den ståande biomassen i Hardangerfjorden, inkludert Langenuen.

Kvam herad ligg innafor det geografiske område for regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Rådmannen har difor i denne saka valgt å samarbeide med, samarbeidsrådet for Sunnhordland, for å peika på felles utfordringar og felles forvaltning innafor plandområdet i den overordna kystsoneplanen.

Hardangerfjorden er eit av dei mest oppdrettsintensive områda i Noreg. Det vert produsert laks til ein eksportverdi på ca 2 milliardar kroner, og det er sysselsett i overkant av 650 personar direkte i havbruksnæringa i Hordaland. Utfordringane er mange og mange omsyn skal vegast opp i mot kvarandre, viltlevande laksefisk, villaksnæringa og fritidsfisket, men også omsynet til verdiskaping, sysselsetjing og produksjon i havbruksnæringa.

Heradsstyret har tidlegare vore opptatt av att rammevilkåra for næringa ikkje må verta svekka i Hardangerfjorden i høve til andre som driv innafor den same næringa.

Kvam herad har ved tidlegare høve gjeve følgjande uttale til departementet;

HST-094/09 Vedtak:

1. *Kvam herad ser det som positivt at det vert sett i verk tiltak som som kan vera med å betra tilhøve for ei berekraftig utvikling av Hardangerfjorden.*
2. *Oppdrettsverksemder som har sine lokalitetar innan Kvam Herad sine grenser ligg i eit område som er svært lite påverka av lakselus samanlikna med resten av fjorden. Kvam Herad meinar også at det er avgjerande at FKD legg særleg vekt på ansinitsprinsippet og lokalt eigarskap , ved å unngå avgrensing av produksjonen innan det geografiske verkeområdet for desse.*
3. *Hardanger Fiskeforedling AS som ligg i Strandebarm hadde for 2008 tilsaman 38 årsverk. Denne bedrifta er avhengig av javn tilførsel av slaktefisk gjennom året for å oppretthalda sin eksistens. Kvam herad meinar tiltak som FKD set i verk ikkje må redusera slaktemengda, men legga tilhøva til rette slik at slaktemengda vert minst på dagens nivå til Hardanger Fiskeforedling AS.*
4. *Ved å oppretthalda eller styrkja Hardanger Fiskeforedling AS sine rammevilkår i form av javn tilførsel av slaktefisk, vil ein også imøtekamma FKD sin høyring ang transport av levande fisk. Ved å tryggja bedriften hindra me at fisk vert flytta over store områder, men sikra slaktting lokalt. Dette er bærekraftig forvalting og i tråd med næringa sin eigen PD bekjempelsesplan ,der ein legg opp til minimal transport av fisken i driftsfasen.*
5. *Kvam herad ynskjer at forskrifta vert tatt opp til ny vurdering kvart 2 eller kvart 3 år for å vurdera effekten av forskrifta. Kvam herad meiner også at FKD må leggja press på elveeigarlag, oppdrettarar og andre partar til å samarbeida for å sikra levevilkår og auka oppgang av villfisk i elvane i Hardanger..*

HST-024/11 Vedtak:

- Kvam herad var ved høyringa i 2009 positiv til at det vart sett i verk tiltak for å betra tilhøva for villfisken, men også for ei vidare berekraftig utvikling av oppdrett i Hardangerfjorden. Slik me ser det no legg forskrifta opp til vesentlige reduksjonar i faktisk produksjon av oppdrettsfisk av laks og aure i heile Hardangerfjorden. Dette er ikkje i samsvar med det me ved sist høyring oppfatta som ein stabilisering av mengd biomasse i fjorden. På denne bakgrunn ber Kvam herad om at det vert greidd ut kva konsekvensar ein slik reduksjon vil ha for kommunen og dei bedrifter som vert skadelidande, både økonomisk og sysselsettingsmessig.
- §3: Det geografiske verkeområdet er ved denne høyringsrunden utvida til også å gjelda lokalitetar i Langenuen, utan at det tillatne biomassetaket er heva. Kvam herad vil derfor be om at ein legg til grunn maksimum biomasse i 2008 registrert på dei lokalitetane som no vert teken med, og legg dette til i grunnlaget for MTB for heile verkeområdet.
- §6: Kvam herad føresett at det i ei framtidig forskrift vert lagt opp til at taket på 50000 tonn maksimalt tilletne biomasse (MTB) kan nyttast reelt og ikkje vert ståande, som ein teoretisk oppnåeleg grense av summen av tillatne løyver innan det geografiske verkeområdet.
- Oppdretsverksemder som har sine lokalitetar innan Kvam herad sine grenser, ligg i eit område som i sommarhalvåret er svært lite påverka av lakselus samanlikna med resten av fjorden. Kvam herad meiner at ein i prosessen fram mot å stabilisera biomassen på 2008 nivå, må leggja særleg vekt på ansiennitetsprinsippet og lokalt eigarskap, ved å unngå avgrensing av produksjonen i det geografiske verkeområdet for desse.
- Kvam herad ber om at konsern med mindre enn 10 konsesjonar, og har lokal bearbeiding av produkta, vert skjerma. Lokale bearbeidingsbedrifter, slik som Hardanger fiskeforedling AS, er viktige kvinnearbeidsplassar. Desse verksemndene vil ikkje vera levekraftige utan tilstrekkeleg leveranse av fisk frå oppdrettarane som leverer fisken sin til lokal bearbeiding. Dette tiltaket er viktig for å nå regjeringa sine mål om auka foredlingsgrad og sysselsetting, spesielt i utkantstrok.
- Til §7: Saman med soneforskrifta til Mattilsynet, vil tiltaket om eigen konsernbiomasse innanfor Hardangerfjorden også ramme hardast mindre oppdretsbedrifter. Slike bedrifter har få områder utanfor Hardangerfjorden dei kan alternere produksjonen mellom, slik soneforskrifta krev. Derfor føreslår me fylgjande endring for å oppretthalda lokale arbeidsplassar og regjeringa sitt mål om auka foredling:

Selskap med lokal tilhøyrighet og videreforedlingstjenester innan verkeområdet , skal framleis ha høve til konsernbiomasse etter rekneskapslova § 1-3 også med selskap utanfor verkeområdet, men innan Region Vest.

- Kvam herad vil også gjera merksam på at det er gjeven løyve til akvakultur for visningsføremål i Hardangerfjorden. Dette anlegget er ein del av satsinga på turisme i Kvam og også eit viktig element ved nyrekrytting til næringa i form av synliggjering av kva akvakultur er. Det vert derfor bede om at slike løyver i si heilskap vert fritekne

for produksjonsreduksjon.

- Kvam herad føreslår at FKD let ein samanslutninga av oppdrettsbedriftene, slik som Hardangerfjordlaaget, ha mogelegheit til å kunne styre ståande biomassen i Hardanger under oppsyn med myndighetene. Slik at intensionen om å stanse vidare oppbygging av biomasse vert nådd.
- Kvam herad meiner også at FKD må leggja press på aktørar som tek ut resursar langs lakseførande vassdrag og fjordar, slik som Statnett, elveeigarlag, oppdrettarar og andre partar til å samarbeide konstruktivt. Dette for å sikre at måla til regjeringa angåande levevilkår og auka rekruttering av villfisk til elvane i Hardanger vert nådd.
- I eit langsiktig utviklingsperspektiv for Hardanger, føreslår Kvam herad at det bør føreligge § om oppheving av forskrifa, når måla for tiltaka er nådd. Ei slik føresegr bør det ligge til rette for når bærekrafta er stetta.»

Utdrag i frå samarbeidsrådet for Sunnhordland

«Framlegget til departementet inneber at dersom det står meir fisk i sjøen i anlegg med konvensjonelle produksjonsløysingar enn 50.000 tonn, vil eit produksjonsregime tre i kraft. Produksjonskapasiteten til alle løyve til oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure som blir nytta til konvensjonelle produksjonsløysingar i området blir redusert. Storleiken på reduksjonen vil vera avhengig av kor store overskridinga er. Reduksjonen kan likevel bli nytta i Hardangerfjorden under særlege vilkår, eller utanfor verkeområde til forskrifa men innanfor den regionen løyvet høyrer heime. Departementet ber høyringsinstansane særleg kome med innspel på konsekvensar av dette framlegget, både av økonomiske, miljømessig og praktisk art.

Bakgrunn

Som eit ledd i det generelle arbeidet med å utvikla ei miljømessig bærekraftig havbruksnæring har det vore eit stort fokus på den biologiske og helsemessige situasjonen i Hardangerfjorden og tilstanden i dei viltlevende bestandane av laks og sjøaure, samt næringa si langsiktige moglegheiter for utvikling.

Dette har vore utgangspunktet for iverksetting av fleire tiltak dei seinare år frå Fiskerimyndighetene si side. I 2008 vart det innført ei frysforskrift – eigentlig ein forvaltningsinstruks - som inneberer at det ikkje kan etablerast nye lokalitetar eller utvidingar av eksisterande lokalitetar for laks og aure i sjø innanfor Hardangerfjorden.

Hensikta med frysinstruksen har vore å unngå auke av oppdrettskapasitet i området. I 2010 innførte Mattilsynet ei forskrift for samordna brakkleggning av oppdrettsanlegg innanfor definerte soner. Hensikta med denne forskriftena er å sikre meir effektiv bekjemping av lakselus for å avgrensa resistensutvikling og spreiling av resistent lakselus. Innføringa av forskriftena starta opp i mars 2011. Dei produksjonsmessige tilpassingane vil ikkje være fullt ut gjennomført før tidlegast i 2013.

I tillegg til desse to forskriftena har Fiskeridepartementet i 2011 foreslått å innføra ei ny forskrift med sikte på ei ytterligare begrensing av produksjonskapasiteten i Hardangerfjorden. I dette framlegget vert det innføring av eit produksjonstak for

Hardangerfjorden 1, som inneberer at summen av løyve på selskapsnivå frå 1. oktober 2013 ikke skal overstige 50 000 tonn MTB.

Frysinstruksen 08.04.2008

Frysforskrifta vart innført i 2008 som ein forvaltningsrettslig "instruks" frå departementet til Mattilsynet og Fiskeridirektoratet. Instruksen medførte i hovudsak pålegg om restriktiv forvaltningspraksis mht etablering og utviding av lokalitetar samt ei endring av laksetidelingsforskrifta § 37 slik at ein ikkje kan melda nye konsesjonar inn på lokalitetar i Hardanger.

Soneforskrifta 14.07.2010

Innføring av soneforskrifta starta opp i mars 2011, og vil vera fullt ut iverksett i løpet av hausten 2012. Hensikta med forskriften er å førebygge og bekjempe lus i akvakulturanlegg, og omfattar kommunane Os, Samnanger, Fusa, Tysnes, Austevoll, Kvinnherad, Jondal, Kvam, Fitjar, Stord, Bømlo, Sveio, Vindafjord og Etne.

Soneforskrifta er kome til som ei omforent løysing mellom næringa og Mattilsynet, og næringa har gjennomført til dels omfattande endringar for å tilpassa seg dette regimet. Næringa er av den oppfatning at soneforskrifta er eit godt verktøy for å redusera førekomenst av sjukdom og lus. Difor stiller næringa seg avisande til at departementet vil innføra

ytterligare avgrensingar på havbruksnæringa i Hardanger/Sunnhordland, utan at departementet har gjort ein konsekvensanalyse og at dei ulike tiltak som er sett i verk, og /eller føresleger sett i verk, har fått virka over tid.

Strakstiltak for Hardanger

Det er i gang eit omfattande prosjekt "Strakstiltak for Hardangerfjorden". Dette arbeidet vert gjort i eit samarbeide mellom Fiskeridirektoratet, Fylkesmannennæringsaktørar, elveigarlag, Mattilsynet og representantar frå kommunane. I dette arbeide ser ein på rømming, lus, sjukdom, tiltak for villfisk mm. Det er blant anna vedteke utplassering av fiskefelle i Etneelva i 2013.

Vanndirektivet

Vassregion Hordaland

Hordaland fylkeskommune er vassregionmynde i vassregion Hordaland. Dette inneber at fylkeskommunen skal koordinere arbeidet med å gjennomføre oppgåvene som følgjer av Forskrift om rammer for vannforvaltningen - vassforskrifta jf. § 21.

Vanndirektivet har også fokus på lus og rømming og dette er eit sentralt tema i Vassregion Sunnhordland.

Ny luseforskrift

Ny og strengare luseforskrift blei vedteken i desember 2012. denne skal ytterlegare vera eit verktøy for å betre situasjonen for dei ville stammene av laks og aure. Ved årskiftet kom det ei ny luseforskrift dom ytterlegare skjerpar krava til behandling

Konsekvensar ved innføring av Hardangerfjordforskrifta (utdrag frå Asplan Viak rapporten)

Våre beregninger viser at innføringen av Hardangerfjordforskriften kan føre til et årlig omsetningstap på 1,8 milliarder kroner for den lokale næringen, og et bortfall av arbeidsplasser tilsvarende 460 årsverk lokalt i Hardanger/Sunnhordland og 1260 årsverk på

Vestlandet. Reduksjon i antall sysselsatte vil være høyere enn antall årsverk tilsier.

Om alternativ lavt legges til grunn vil tallene være hhv 330 og 915 årsverk i reduserte årsverk.

Disse beregningene er basert på at næringen klarer å tilpasse seg et nytt, redusert nivå uten


at det påvirker andre sider ved driften. Denne forutsetningen vil for mange av selskapene ikke være til stede. Konsekvenser av redusert produksjon vil særlig påvirke følgende forhold;

- Dårligere produktivitet og økt andel faste kostnader per produsert enhet
- Redusert produksjon og/eller store svingninger i produksjonen vil gjøre det vanskelig å inngå langsigktige leveransekontrakter i markedet
- Slakteri- og videreforedlingsvirksomhet blir ulønnsomme på grunn av redusert tilgang og/eller for store svingninger i tilgang på råstoff
- Vesentlig reduksjon i inntjening og avkastning på investert kapital

Den reduserte inntjeningen i næringen vil føre til mindre økonomisk handlingsrom til å drive

målrettet produktutvikling, produksjonsutvikling og kompetansebygging, noe som på sikt også vil være påvirke næringens evne til å bekjempe sykdom, rømming og andre miljømessige utfordringer.

Slik framlegg til forskrift no legg opp til vert det ein kollektiv avstraffing dersom "naboen" produserer for mykje. Dette fører til usikrhet i form av at det kollektive i avstraffen gjer at alle kan få forrykte produksjonsplanar i det at naboen produserer for mykje.



Det er gapet mellom dei to grafane som syner biomassetapet gjennom eit produksjonsår dersom produksjonsregimet trer i kraft.

Samarbeidsrådet har fått tilbakemelding frå havbruksnæringa om at den reelle årsreduksjonen i tapt produksjon vil bli på 55 000 tonn frå 2014. Dette gjer til kjenne at konsekvensandi Ku –en til Asplan Viak vil slå inn i høve til nedgang i antal sysselestitte, tapt verdiskaping mm.»

Vurdering;

Samarbeidsrådet har i sin uttale hatt fokus på; «*dei samfunnsmessige konsekvensane, som blant anna verdiskaping, sysselsetjing, innovasjon mm.*

Samarbeidsrådet gav og ein uttale i 2011, der rådet blant anna hadde fokus på manglande konsekvensutgreiing. . Det er ikkje store endringar i framlegget som no er ute på høyring utanom at skjerminga av dei minste bedriftene no er teken bort.»

Vurderingane gjort av Samarbeidsrådet i Sunnhordland er mykje av dei same argumenta som har vorte nytta av heradsstyret ved tidlegare høyringar, og no når Kvam herad er ein del av det samla geografiske området for kystsoneplanen for Sunnhordland og Ytre Hardanger, har det vore naturleg å samarbeide og støtte om ein felles uttale.